



**Referat og oppsummering etter forhandlingsmøte om ein felles intensjonsavtale mellom kommunane Fjell, Sund og Øygarden på Panorama konferansehotell i Sund kommune.**

<b>Møte nr. 4</b> <b>24.02.2016</b>	Forhandlingsutvala: <b>Sund kommune:</b> Kari-Anne Landro (H), Nils Kåre Skoge (H), May Elin Limevåg (FRP) Jogeir Sognnæs (A) <b>Fjell kommune:</b> Marianne Sandahl Bjørøy (AP), Tom Georg Indrevik (H), Svein Petter Bergh (SL) Anita Garlid Johannessen (FRP) <b>Øygarden kommune:</b> Børge Haugetun (TVØ), Atle Dåvøy (KRF), Espen Harkestad (AP), Andreas Kallekleiv (H) Silvia Haugland (TVØ)
<b>Møteleiar:</b> Kari Anne Landro/Trond Wincentsen	
<b>Referent:</b> Siri Fahlvik Pettersen	Administrasjonane: Stig Arne Thune(rådmann i Sund) Lillian Torsvik (møter for rådmannen i Fjell) Siri Fahlvik Pettersen (rådmann i Øygarden)
<b>Fråverande:</b>	

Sak.nr	Tema/sak	Konklusjon/oppfølging	Ansv
1.	Innleiing, og godkjenning av referat	Ordførar Kari Anne Landro ønskja velkommen til Sund.  Referat frå møte den 18. februar vart godkjent med følgjande merknadar: Kap. 9 Samfunnsutvikling: Forland vert retta til Vorland. Kap. 9 Helse og omsorg ny tekst legeteneste i kommunedelsentra skal oppretthaldast på dagens nivå på dagtid m.v.	
	Dagsorden v/Trond Wincentsen	1.Godkjenning referat og gjennomgang av 1. utkast til intensjonsavtale 2.Ferdigstilling av intensjonsavtalen, gjennomgang av oppdatert avtale 3.Studietur 4.Kommunikasjonsplan og medverknad med planar for folkomøte og innbyggjarundersøking	
2.	1.Innleiing	<b>Konklusjonar:</b> Administrasjonen gjennomgår tekst og finn anna ord for samkvem, anna formulering under bymann og stril, og legg til framtidige velferdsoppåver.	
	2. Visjon	<b>Konklusjon:</b> Godkjent slik det ligg førre	



	3. Overordna mål	<p><b>Konklusjonar:</b></p> <p>Den nye kommunen skal gjennomgåande i dokumentet verta omtalt med arbeidstittel «vår nye kommune».</p> <p>Redigera inn ny tekst under strekpunkt infrastruktur : VAR – infrastruktur skal byggast vidare ut og skal ha høg prioritet.</p> <p>Regionsenteret må bytast ut med Kommunesenteret. Drøfting om at ein er for lite offensiv i målformuleringane - manglar utvikling og innovasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Flytta første setninga under samfunnsutvikling opp nasjonal og regionalt</li> </ul> <p>Forslag om at setninga til ein av arbeidsgruppene vert teke inn igjen i dokumentet: <i>kommunen skal vera ein framtidsretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar, som skal realisera potensialet i ein sterk region med fortrinn innanfor energi, teknologi og marine ressursar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Dei geografiske delane av kommunen som må inn i teksten</li> <li>- Sjå på teksten og redigera inn: vår nye kommune skal vera eit regionalt og nasjonalt fyrtårn.</li> </ul>	
	4. Fordelar og ulemper	<p><b>Konklusjonar :</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Endra setninga Auke effektivisering og mindre sårbare for ....</li> </ul> <p>Språkvaska setningane</p>	
	5 . Vår nye kommune  Namn	<p>Drøfting: Fjell spelte inn at dei har hatt styringsgruppemøte og at tilbakemeldinga er at namnet på den nye kommunen bør vera noko nytt sidan ein startar ein ny kommune. Forslag om å få innspel gjennom innbyggjarundersøkinga.</p> <p>Prosessleiar gjorde forhandlingsutvalet merksame på at Fellesnemnda har i oppgåve å avklara namn og at det ikkje er eit krav om å komma fram til namn når kommunane skal fatta vedtak i juni 2016.</p> <p>På slutten av møtet tok Øygarden opp at dei ville ha avklart namnespørsmålet i dagens forhandlingsmøte. Det var ein forventning om at dette skulle det vera tid til.</p> <p>Debatten gjekk på argument som:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 98% i avtalen kan sjå ut som er ok – det er berre namnet igjen- å landa dette med fleirtal og mindretal er ikkje klokt</li> <li>- me skal gjennom ein folkehøyring og treng ikkje ta stilling til dette akkurat no, men kan ha det klart før kommunestyra handsamar saka den 20. juni.</li> <li>- I innleiinga til prosess hadde Øygarden stor gjenklang som namn på den nye kommunen, men i</li> </ul>	



	Kommunevåpen	<p>løpet av prosessen har dette endra seg. Det som no vert krevjande er at det legg føre så mange forslag til løysing.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Det vart fremja forslag om at det vart stemt over namnet i forhandlingsmøte i dag, men då måtte Øygarden redusera med eit mandat, sidan dei var 5 mot at det er 4 i dei respektive andre forhandlingsutvala.</li></ul> <p><b>Konklusjon:</b> Det vart stemt over om det skulle gjennomførast avstemming i dagens forhandlingsmøte, eller å ta namnespørsmålet via innbyggjarundersøkinga.</p> <p><b>9 stemte for avstemming i dagens forhandlingsmøte:</b> (Marianne S. Bjørøy (AP), Tom Georg Indrevik (H), Kari-Anne Landro(H), Jogeir Sognnæs (A), Børge Haugetun (TVØ), Atle Dåvøy (KRF), Espen Harkestad (AP), Andreas Kallekleiv (H), Silvia Haugland (TVØ))</p> <p><b>4 stemte i mot avstemming i dagens forhandlingsmøte:</b> Nils Kåre Skoge (H), May Elin Limevåg (FRP), Svein Petter Bergh (SL) Anita Garlid Johannessen (FRP)</p> <p>Det vart vidare stemt over Øygarden som namn på den nye kommunen, eller at namnespørsmålet vart avgjort i ein prosess via innbyggjarundersøkinga med to - tre alternative namn som kvar kommune fekk nominera namneforslag til:</p> <p><b>9 stemte for Øygarden :</b> Marianne S. Bjørøy (AP), Tom Georg Indrevik (H), Kari-Anne Landro (H), Jogeir Sognnæs (A), Børge Haugetun (TVØ), Atle Dåvøy (KRF), Espen Harkestad (AP), Andreas Kallekleiv (H) Silvia Haugland (TVØ)</p> <p><b>4 stemte for at namnespørsmålet vart avgjort i ein prosess via innbyggjarundersøkinga med to-tre alternative namn som kvar kommune fekk nominera namneforslag til:</b></p> <p>Nils Kåre Skoge (H), May Elin Limevåg (FRP), Svein Petter Bergh (SL), Anita Garlid Johannessen (FRP)</p> <p><b>Konklusjonar:</b> Bilete av kommunevåpenet leggjast inn i avtalen. Det må leggjast inn meir under kap. 5, - henta tekst frå kap. 7, gjenta i kap. 5 .....dei publikumsretta tenestene skal vera sikra på Rong og i Skogsvåg. Nærtenesteprinsippet vert teke inn.</p>	
	6. Demokratimodellen	Det var drøfting om tal representantar i dei ulike politiske utval med gjennomgåande representasjon. Kontrollutvalet vert bunden opp med 3 av medlemmene frå kommunestyret. Det vart konkludert med å ta vidare arbeidet med demokratimodellen når fellesnemnda vert etablert.	



		<p><b>Konklusjon:</b> Det skal vera 11 formannskapsmedlemmer og 9 representantar i alle utval - 7 i kontrollutvalet. I avtaleteksten vert det retta til at dei polititiske medlemmane skal vera medlemmer i kommunestyret. Med dette vert forholdstalsval og kjønnsbalanse sikra.</p>	
	7. Prinsipp for tenesteutvikling	<p><b>Konklusjon:</b> Under Helse og omsorg vert ny tekst legeteneste i kommunedelsentra skal oppretthaldast på dagens nivå på dagtid .....</p>	
	8. Kompetanse	<p><b>Ingen endring</b></p>	
	9. Samfunnsutvikling	<p><b>Konklusjonar:</b> Vår nye kommune skal vera ein framtidsretta utdanningskommune – endra tekst. Viktige prinsipp vert flytta ned og gjort om til: følgjande prinsipp skal leggjast til grunn</p> <p><b>Næringsutvikling og arealdisponering</b> Å realisera heile regionen sitt potensiale når det gjeld <b>Region og stadutvikling</b> - ny setning Vidareføra desentralisert bustadbygging med levande bygder.</p> <p><b>Infrastruktur og trafikktryggleik</b> Realisera Sotrasambandet og vegen nord-sør (Ågotnes – Austefjorden)</p> <p><b>Kultur, ....</b> Bibliotektenesta retta til biblioteka skal vera gode lokale møteplassar</p> <p><b>Infrastruktur</b> -Ta inn noko om trafikktryggleik – vidareutvikla gang og sykkelvegar i heile kommunen</p> <p><b>Klima miljø</b> Innspel til ny tekst vert erstatta; vår nye kommune skal vera framtidsretta og ha særskild fokus på .....</p>	
	10. Økonomiharmonisering av skatter og avgifter	<p><b>Konklusjonar:</b> Ta ut semje om – finna anna formulering. Eigedomsskatt på næring. Det vart drøfta om næring skulle vera med som skatteobjekt. Det er trøng for meir kunnskap, og konkludert med at dette må ein kartleggja meir om til neste møte. Fjell har innført eigedomsskatt på verk, bruk og næring frå 1. januar 2016, for å tilpassa seg kommunereforma. Dei tre kommunane har ulikt regime.</p> <p>I vår nye kommune skal det vera eigedomskatt på verk og bruk og næring, ikkje på hus og hytter. Konsekvensar på næring skal utgreiaast nærmare. Det vert gitt eit administrativt oppdrag til kvar kommuneadministrasjon. Tilbakemelding til neste møte.</p>	



		<p><b>Infrastrukturfond</b> Tilleggspunkt frå Øygarden: Det vert føreslått nytt punkt og ny tekst om etablering av infrastrukturfond. I teksten skal det stå at minimum 10 prosent innanfor områda som i dag utgjer grøndene i dagens Fjell, Sund og Øygarden skal gå til utbetring/investering av veg. Begge avsnitta under eigedomsskatt må skrivast om slik a dei passar saman. Ikkje bruke utkant- finna ei anna formulering.</p> <p><b>Investeringsprosjekt</b> I innleiinga til dette avsnittet vert årstal teke ut, skal stå gjeldande økonomiplanperiode.</p>	
	11. Kommunen som arbeids-gjevar	<p><b>Konklusjon:</b> Ta vekk «er samde» - omformulera teksten.</p>	
3.	12. Kommunikasjonsplan	<p>Ny gjennomgang : Det er gjort avklaringar med ordførarane. No ligg det føre oppfølging sidan sist med forslag til tidsplan, og som kan justerast undervegs.</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Signeringsmøte i neste veke 3. mars går ut, vert flytta til studieturen i Danmark- man er kome langt – det skal finpussast siste dagen på studieturen.</li><li>2. Det vert lagt opp til signeringsmøte om ein vert samd om å ha ein intensjonsavtale føremiddagen den 7. mars. Rådmannssekrariatet sender avtalen til pressa innan fredag 4. mars, men gjer merksam på at dokumentet ikkje er offentleg før pressekonferansen den 7. mars kl. 11.00. Ordførarane kan nyttast for å gjera avklaringar, mellom anna kven som presenterer framleggget og kor skal dette vera. Sotra Arena kan vera aktuell stad.</li><li>3. Diskusjon om bruk av Facebook. Det er påbyrja eit arbeid med retningslinjer for bruk av Facebook. Diskusjon om kven som skal svara – på Facebook, og om det er handterbart? I kommunikasjonsplanen er det lagt opp til Facebook, og det må gjerast merksam på at det ikkje kan svarast på alt heile tida. (Kapasitet) Innspel om eit nettmøte eller to i staden for Facebook. Vestnytt har sagt ja til nettmøte, men dei har ikkje teknisk løysing på alt.</li></ol> <p><b>Konklusjon;</b> Ordførar ser vidare på dette : Retningslinjer og bruk av Facebook – det vert jobba vidare med bruk av Facebook som ein ytringsarena meir enn spørsmål og svar. I retningslinjene må ein seia noko om ytringsfridom</p>	



		<p>og varsel om utestenging av folk på Facebook.</p> <p>4. Etter påske om me har ein intensjonsavtale skal det lagast ein brosjyre og annonse om når det skal vera folkemøte. I postkassa seinast 4. april før folkemøta startar. Folkemøte i Øygarden 13. april – kolliderer med KS Sund. Sjå om det skal gjerast endring. Den 12. april vert det føreslått felles annonse med folkemøter. Viktig å nytta heimesida med deling, Facebook, vurdera plakatar? Innspel om at me nyttar den kommunale SMS – varslinga dagen det er folkemøte.</p> <p>5. For å nå ungdommen har det vore kontakt med rektor på den vidaregående skulen. Det kan gjennomførast eit møte på Skogsvåg og eit på Straume. Det ligg ferdigtenkt kva opplegg ein skal ha.</p> <p>6. Felles forhandlingsutval må ha møte om oppsummeringane frå folkemøta som saksgrunnlag. Det vert teke med føringar for dei som skal skriva sak.</p> <p>7. Rapporten skal liggja føre ca. 10. mai med innspel.</p> <p>8. Den politiske behandlinga. Skal vera kommunestyremøte samtidig den 20. juni? Det vart drøfta om det var viktig å ha møte på same dag.</p> <p><b>Konklusjon:</b> Ordførargruppa bestemmer tidspunkt for kommunestyremøte.</p> <p>9. Innbyggjarundersøkinga- opinion treng ein tre-fire dagar før dei sendar ut spørjeundersøkinga. Dei leverer rapport ei veka etter undersøkinga er gjennomført. Drøfting: kva som må til for å få ein god folkeundersøking. Konklusjon: Forhandlingsutvalet sendar e-post til Børge Haugetun med innspel til spørsmål. BH legg fram forslag til tilleggsspørsmål i neste møte. Alle spørsmåla må vera ferdig 15. april. Styringsgruppene handsamar tilleggsspørsmåla.</p>	
4.	Studietur	<p><b>Konklusjon:</b> Stig Arne Thune presenterte opplegg og program. Møte med dansk KL (KS) er stadfesta, og møte med kommunaldirektør i Roskilde kommune er stadfesta. Det er lagt inn tid til å jobba vidare med kommunikasjonsplanen og intensjonsavtalen.</p> <p>Alle må melda frå om dei skal vera med og kva tidspunkt dei eventuelt skal reisa heim. Opplegg utover programmet vert for eiga rekning.</p>	Stig Arne Thune



3.	Tid, stad og plan for neste møte	<p><b>Konklusjonar:</b></p> <p>Innspel på slutten i møtet: alle tre kommunane er MOT kommunar. Føreslått å finna plass i avtalen til at MOT verdiane får plass.</p> <p>Prosessleiar hadde framlegg til prosessløp med hovudmilepælar.</p> <p>Viktig å vera samstemt på det som skal formidlast ut.</p> <p>Det er ulike metodar for høyring. Det må takast stilling til kva metode ein skal nytta. Det vart informert om at i Øygarden er det sett i verk eit innbyggjarinitiativ som kan komma som sak i kommunestyret med spørsmål om folkeavrøysting.</p> <p>Intensjonsavtalen – korleis vert den politisk handsama i kvar kommune? Løypemelding, sak? Politisk sak bør vera ferdig i slutten av mai. Kva politiske råd og utval skal få saka til handsaming.</p> <p>Det vart diskutert medverknad og korleis skapa engasjement med god oppslutning kring folkemøta. Det handlar om folks kvardag, den bodskapen må ein få fram.</p> <p>Det må takast stilling til korleis ein tek innspela frå innbyggjarane inn i dokumentet. Dette er viktige tema som ein må verta samde om i møte den 4. mars.</p> <p>Ordførar Kari-Anne Landro avslutta møtet og takka for nok eit godt møte.</p>	